

Arbeidsprogram 2024 – 2026

Foto: Fartein Rudjord





TITTEL

Arbeidsprogram 2024-2026

TEKST

Vedteke på landsmøtet i Trondheim hausten 2024

LAYOUT

Kristian Skjellum Aas

Innhold

Kva er arbeidsprogrammet?	4
Naturvernforbundets formål	4
Hovudmål og delmål	4
Hovudmål 1: Stans naturtapet	5
1.1 Naturen må få sterkare rettsvern	6
1.2 Kommunane må setje i verk Naturavtalen med planvask	6
1.3 Nasjonalt forbod mot nye hyttefelt	6
1.4 Stans i all motorvegbygging	6
1.5 Stans i øydeleggjinga av hav og fjordar	7
1.6 Stans i naturøydeleggjande kraftutbygging	7
1.7 Økologisk berekraftig forvaltning av skogane våre	7
Hovudmål 2: Kraftige, raske og rettferdige klimakutt	9
2.1 Rettferdig omstilling vekk frå fossilt	9
2.2 Stans i nye tildelingar av olje- og gasslisensar på norsk sokkel	10
2.3 Lågare forbruk og gode berekraftige liv	10
2.4 Ei tydeleg stemme mot grønvasking	10
2.5 Sterk satsing på jernbane og kollektivtilbud	10
Hovudmål 3: Folkerørsle for natur og miljø	11
3.1 Ei stor og brei rørsle	11
3.2 Opplevingar som styrker engasjement	12
3.3 Miljø høgt på dagsorden i stortingsvalet	12
3.4 Me fremjar løysingar	12
Hovudmål 4: Sterk organisasjon over heile landet	13
4.1 Fleire medlemmar skal få tilbod om å vere aktive	13
4.2 Sterkare representasjon og inkludering i styrande organ	14
4.3 Sterke lokallag som vinn kampsakane sine	14
4.4 Sterke fylkeslag som følgjer opp lokallaga	14

Kva er arbeidsprogrammet?

Arbeidsprogrammet fortel kva Naturvernforbundet skal prioritere i landsmøteperioden 2024–2026. Landsstyret er ansvarlege overfor landsmøtet for oppfølging av måla.

Arbeidsprogrammet skal gjere organisasjonen til ein effektiv samfunnsaktør som premissgjevar for politiske organ,

arbeids-, og næringsliv. Det skal bidra til å styrke folkeleg støtte til vern av natur og rettferdige klimatiltak. Det er òg eit klart mål at lokal- og fylkeslaga kan finne inspirasjon i arbeidsprogrammet. Slik skapar me samhald, og me styrkar gjennomslagskrafta vår. Arbeidsprogrammet fylgjer prinsippprogrammet.

Naturvernforbundets formål

1. Naturvernforbundet vil arbeide for å verne naturen og sikre livsmiljøet slik at menneskelig virksomhet ikke overskrider tålegrenser i naturen.

2. Naturvernforbundet vil arbeide for et samfunn der menneskene lever i harmoni med naturen. Dette er et

samfunn hvor livsgrunnlaget og livsmangfoldet er sikret for framtidige generasjoner, og hvor naturens egenverdi legges til grunn for arbeidet med å øke menneskers respekt for og kjærlighet til liv og landskap.

Hovudmål og delmål

Arbeidsprogrammet inneheld 4 hovudmål, og meislar ut delmål innan kvart område. Dei to første hovudmåla dreier seg om korleis me møter natur- og klimakrisa. Det tredje hovudmålet handlar om å auke engasjement, kunnskap og oppslutning for sakene våre. Under det

fjerde hovudmålet skisserer me delmål for ein sterk og brei organisasjon, i tråd med ambisjonar for Naturvernforbundet for 2030 vedteke på landsmøtet i 2022. Sekretariatet skal utarbeide strategiar for å nå måla.

Hovudmål 1: Stans naturtapet

Foto: Klaus Rasmussen



Naturen med sitt rike mangfald er grunnlaget for alt liv på jorda. Naturen treng eit langt sterkare vern mot nedbygging. For å stoppe og snu tapet av den uerstattelige artsrikdomen og bremsa klimaendringane, treng me ein politikk som prioriterer ein levedyktig natur og eit miljø i balanse.

Ei hovudprioritering for 2024-2026 er kampen mot arealødelegging, til støtte for Naturavtalen og FN sine berekraftsmål 14 og 15 om å ta vare på naturen til vanns og på land. Noreg må fylgje opp dei internasjonale natur- og klimaforpliktingane sine, og vere i rute med målet om 30 % representativt vern på land og til havs innan 2030. I tråd med FN sine målsettingar skal

netto natur i Noreg auka gjennom ivaretaking av natur, spesielt truga naturtypar, og restaurering av øydelagt natur. Naturvernforbundet skal bidra til å stanse naturødelegging frå energiutbygging (t.d. vass- og vind- og solkraft), hogst, motorveggar, hyttebygging, gruvedrift, forureinande oppdrett og anna arealkrevjande industri, samt fremje lågare forbruk. Me skal løfte fram utfordringane som særleg sårbare artar og naturtypar står overfor. Naturvernforbundet skal støtte bevaring av naturgrunnlaget for samisk kulturutøving.

Me har sju delmål for Naturvernforbundet sitt naturarbeid for perioden:

1.1 Naturen må få sterkare rettsvern

Naturvernforbundet skal jobbe for å styrke rettsvernet for naturen gjennom nye prosessregler som, i tråd med Århuskonvensjonen, skal gjere at det ikkje lenger vert uoverkommeleg dyrt å gå til retten for miljøet. Norske kommunar må innføre naturbudsjett for å stanse naturtapet og restaurere natur i tråd med internasjonale avtalar. Hovudprinsippet i arealforvaltinga må vere gjenbruk av tidlegare utbygde areal. Me skal følgje utbyggingsplanar i strandsona og kantsonar. Statsforvalteren må få rett til motsegn i Statleg plan. Ved større arealendringar må utbyggjar

restaurere eit minst like stort areal av tilsvarande, men forringa natur. Me vil jobbe for auka statleg finansiering av miljøkompetanse i kommunane. Noreg må få fleire nasjonalparkar og verneområde, særleg langs kysten. Skogen treng eit sterkare rettsvern, der næringa ikkje lenger får passe på seg sjølv. Ansvar for konsekvensutgreiing av eit tiltak skal må flyttast til eit ansvarleg forvaltningsorgan, men utbyggjar må framleis ta utgiftene. Med Fjordsøksmålet skal me sikre eit sterkare rettsvern for vandlevende organismar.

1.2 Kommunane må setje i verk Naturavtalen med planvask

Kommunane er viktige som demokratiske institusjonar, og dei har juridiske fullmakter gjennom plan- og bygningslova og arealplanarbeid. Naturvernforbundet vil gå i dialog med kommunane for å få gjennomført planvask, skaffe oversyn over arealøydelegging og plan-

leggje for restaurering av øydelagt natur. All utbygging må følgje strengare kriterium som hindrar nedbygging. Miljørørsla må få midlar til å bidra i planprosessar og mobilisere alternative forslag og utgreiingar som moteksper-tise mot pengesterke lobbyistar.

1.3 Nasjonalt forbod mot nye hyttefelt

Noreg har rundt 500 000 hytter og fritidsbygg, og dei siste åra har rundt 6000 nye kome til kvart år. Nye hyttefelt truar sårbare artar, viktige naturtypar og bidreg til eit uansvarleg forbruk av ressursar og energi. Naturvernforbun-

det krev eit nasjonalt forbod mot etablering av nye hyttefelt. I staden må me bruke hyttene me har betre, mellom anna gjennom deleordningar. Skattesystemet må belønne utleige av fritidsbustad.

1.4 Stans i all motorvegbygging

Vegbygging har skyld i 25% av arealøydelegging frå 1990. Motorveg er sær-

leg arealkrevjande, og auka transport fører med seg klimagassutslepp og

mikroplastforureining. Jo raskare fart ein byggjer for, jo større vert miljøproblema. Difor vil Naturvernforbundet jobbe for at Noreg droppar 110-grensa og stansar utbygginga av all ny firefelts motorveg. Staten skal prioritere gul stripe på fylkesvegar og vedlikehald av eksisterande vegnett. Fylkeskommunane skal ikkje lenger planleggje for auka transportkapasitet utan å utgreie alter-

nativa, slik som betre kollektivtilbod. All planlegging av vegbygging skal ta utgangspunkt i firetrinnsmetodikken, der myndigheiter ikkje vedtek veg i ny trasé utan å først prøve å minimere transportbehovet, utnytte eksisterande infrastruktur og vurdere mindre ombyggingar. Nullplussalternativ – utbetring av eksisterande infrastruktur – skal ha prioritet.

1.5 Stans i øydeleggjinga av hav og fjordar

Noreg er eit av få land i verda som tillet gruvedrift med fjorddeponi, og norske fjordar er under stort press, mellom anna frå oppdrettsnæring, utslepp, miljøgifter, overfiske og bunntåling. Stortinget må vedta stans i planlegging og iverksetjing av dumping av gruveavfall i sjø. Noreg må stanse opningsprosessen på gruvedrift på havbotnen, og innføre eit langvarig moratorium som forbyr utvinning av havbotnsmineraler til me har tilstrekkeleg kunnskap om havmiljøet. Staten må utarbeide ei samla oversikt over særleg verneverdige miljøverdiar i

norske havområde gjennom uavhengig forskning, sørge for meir forskning på konsekvensar av havvind for natur og ikkje bygge ut anlegg for havvind før dette er på plass. All fiskeoppdrett må i lukka anlegg, utan tap av natur. Inntil alle anlegg er lukka, må miljøkrava bli strengare. Me skal arbeide for å stanse all torskeoppdrett. Arbeidet med marin verneplan må trappast opp, og Naturmangfoldloven må endrast slik at vern òg kan gjennomførast i Noregs økonomiske sone utanfor territorialgrensa.

1.6 Stans i naturøydeleggjande kraftutbygging

Energiutbygginga i Noreg har skjedd på tross av mangelfull naturkartlegging og dårleg involvering av lokalbefolkning, organisasjonar og naturbaserte næringar. Naturvernforbundet vil løfte diskusjonen om prioritering av krafta me har, og jobbe lokalt og nasjonalt for å stanse naturøydeleggjande kraftutbyggingsprosjekt, hindre utbygging i

verna vassdrag og presse på for at omsynet til naturen vektar høgt i vilkårsrevisjoner for vasskraft. Naturvernforbundet vil arbeide for solkraft på offentlege bygg og industribygg, og for at ny fornybar energi byggjast ut på ein måte som ikkje øydelegg natur. Me går òg inn for naturvenleg modernisering av gamle vasskraftverk.

1.7 Økologisk berekraftig forvaltning av skogane våre

Ei betre forvaltning av skogane er det viktigaste enkelttiltaket i norsk artsbevaring. Halvparten av dei raudlista artane lever i skogen, og skogen er eit viktig karbonlager. Naturvernforbundet vil spreie skogglede og kunnskap slik at folk forstår verdien av naturskogane me har att. Den eldste og mest artsrike naturskogen vernast. Det er eit viktig mål å få på plass eit offentleg regelverk for skognæringa som sikrar eit økolo-

gisk berekraftig skogbruk for framtida. Naturvernforbundet vil informere kommunane om moglegheita for å innføre meldeplikt for hogst, og arbeide for å innføre søknadsplikt på sikt, noko som bidreg til å bevare naturverdier og ivareta fleirbruksomsyn. Naturvernforbundet vil presse på for at myndighetene set av meir pengar til skogvern og følger opp kampen mot framande artar i skogen.

Foto: Adrian Lombardo



Hovudmål 2: Kraftige, raske og rettferdige klimakutt

Foto: Tor Bjarne Christensen



Klimakrisa er her. Klimaendringene gir allereie store skader på natur og samfunn i heile verda – òg i Noreg. Det krev raske, aktive og planmessige kutt i utslepp av alle klimagassar, og me må halde lovnadene våre etter Parisavtalen. I eit tiårsperspektiv er det ti gongar så effektivt å kutte utslepp i 2025 som i 2035. Naturvernforbundet vil bruke alle aktuelle høve til å krevje kutt i utslepp av klimagassar i Noreg på minimum 3,4 millionar tonn

CO₂-ekvivalenter kvart år. Ei hovudprioritering for Naturvernforbundet i 2024-2026 er ei rettferdig grøn omstilling av Noreg. Det krev at me aktivt forlatar fossilalderen og senkar forbruket av energi, areal og ressursar (i tråd med anbefalingane frå Klimautvalet 2050).

Me har fem delmål for Naturvernforbundet sitt klima- og forbruksarbeid for perioden:

2.1 Rettferdig omstilling vekk frå fossilt

Den grønne omstillinga må vere rettferdig, og ikkje gå utover dei med lite forbruk, klimagassutslepp og naturavtrykk. Me

skal samarbeide med fagrørsla, industri, næringsliv og lokalsamfunn der olje- og gassbedrifter, samt leverandørindustrien,

er viktig. Rettferdig omstilling krev at det er enkelt for alle å velje miljøvenlege løysingar. Me skal òg jobbe med fagrørsla i Noreg for å sikre at kompetanse frå oljenæringa blir overført til fossilfrie næringa. Me står solidarisk med urfolk, sårbare grupper og framtidige genera-

sjonar. Naturvernforbundet vil arbeide for at Noreg innfører karbonavgift til fordeling på eit nivå som gir tydeleg effekt på utfasinga av karbon, og som gir sosial utjamning. Me ønsker eit prissystem på straum som stimulerer til straumsparing.

2.2 Stans i nye tildelingar av olje- og gasslisensar på norsk sokkel

Saman med miljørørsla i inn- og utland skal me få gjennomslag for at Noreg sluttar å leite etter ny olje og gass på norsk sokkel samt stanse utbygginga av nye felt, som ein del av ei planlagt og gradvis utfasing av norsk olje- og gassnæring. Det inneber ein slutt på særlege skattefordeler for olje- og gas-

sindustrien, og at regjeringa stansar å dele ut lisensar. Noreg forlét planane om å elektrifisere petroleumssektoren, fordi det tvingar fram naturødeleggjande kraftutbygging og er eit dårleg klimatiltak, som mellom anna bidreg til å forlenge oljealderen.

2.3 Lågare forbruk og gode berekraftige liv

Noreg tar viktige skritt mot lågare forbruk av energi og ressursar, i eit samfunn meir prega av sirkulær økonomi. Dette krev sterkare krav om standardisering, produktlevetid og moglegheiter for reparasjon. All industri må styre etter ein nullvisjon for avfall. Naturvernforbundet vil presse på for at energieffektivisering og energisparing får høgare prioritet og naudsynt statleg støtte. Skattesystemet vert omforma så det i

større grad bidreg til å auke gjenbruket og redusere og avkarbonisere forbruket vårt. I staden for prognosar om vekst skal planlegginga av infrastruktur leggje til grunn at me skal redusere transportbehovet og flytte folk og varer over frå fly, bil og trailer til buss, bane og sjø. Noreg må synleggjere konsumbasert statistikk slik at dei reelle miljøkostnadane ved forbruket vårt kjem fram.

2.4 Ei tydeleg stemme mot grønvasking

I ordskiftet om grøn omstilling skal Naturvernforbundet vere ei tydeleg stemme som skil mellom naudsynte klimatiltak og grønvasking. Me kritiserer aktørar som nyttar klimaargument for å pynte på klima- og naturskadeleg

verksemd. Me tar til orde for ei meir strategisk prioritering av kraft og areal. Me skal utvide vår eigen kunnskap om fordelar og ulempar ved kjernekraft.

2.5 Sterk satsing på jernbane og kollektivtilbud

Jernbane, bybaner og andre kollektivtilbud er høgt prioritert av Naturvernforbundet. Me ynskjer ein plan for reduksjon av vedlikeholdsetterslepet, elektrifisering, fleire kryssingsspor og

opprusting av gamle traseer. Satsing på elektriske busser må halde fram. Staten må seie nei til fleire rullebaner, og til forureinande cruisebåtanløp i norske havner.

Foto: Espen Mills



Hovudmål 3: Folkerørsle for natur og miljø

Foto: Fartein Rudjord



Naturvernforbundet har ein unik posisjon med mykje fagleg kunnskap og eldsjelar over heile landet. Dei neste to åra vil me setje agenda og verte meir synlege, nå ut breiare, og rekruttere fleire medlemmar

og aktive. Me skal fremje løysingar i klima- og natursaker, og sørge for at miljø er høgt på dagsorden i stortingsvalet i 2025.

Me har fire delmål for perioden:

3.1 Ei stor og brei rørsle

Naturvernforbundet skal ha 55 000 medlemmer ved utgangen av 2026. Me skal nå ut til nye grupper og rekruttere breiare, i tråd med måla for Naturvernforbundet 2030. Me skal bli ein meir mangfaldig organisasjon gjennom å vere til stades på

fleire arenaer og vise fram breidda i det friviljuge arbeidet i organisasjonen. Me kommuniserer inkluderande slik at me appellerer breiare, og slik at fleire kjenner at dei høyrer heime i Naturvernforbundet. Me styrkar allianser med andre organisa-

sjonar, fagrørsla og andre aktørar, og søker breidde i kven me samarbeider

med.

3.2 Opplevingar som styrkar engasjement

Me driv formidlingsarbeid gjennom eit mangfald av kurs, undervisningsopplegg, turar og andre aktivitetar. Me skal vise fram formidlingsarbeidet heile organisasjonen gjer, og gjere det lettare både for tillitsvalde og eksterne å nytta og byggje på våre kurs, opplegg og materiell.

Me organiserer ryddeaksjonar, dug-

nader, skjøtsel av slåttemark, naturgledeturar, nasjonale treff, markadar for byte og ombruk av klede og andre gjenstandar, og andre tiltak som fremjar gjenbruk og redusert forbruk. Enno fleire skal få oppleve at dei sjølv kan bidra, og at engasjementet deira nyttar og har ein plass hos oss.

3.3 Miljø høgt på dagsorden i stortingsvalet

Miljø skal vere den viktigaste saka når folk går til stemmeurnene i stortingsvalet. Gjennom ein kampanje som famnar både klima- og natursaker skal me vise folk korleis stemma deira i stortingsva-

let 2025 er avgjerande for framtida. Alle parti skal kjenne presset frå ei samla miljørørsla, og me skal hjelpe veljarane å sjå kva parti og kandidatlar som prioriterer natur og klima.

3.4 Me fremjar løysingar

Naturvernforbundet skal vere ei tydeleg stemme og ein premissleverandør for media og myndigheiter. Me skal framstå som ei truverdig fagleg kjelde, og jobbe for å auke kunnskap og medvit om miljøspørsmål. Me skal informere om dei mange moglegheitene for å kutte utslipp av klimagassar, og om

alvoret i klimaendringene sine skader og risiko for framtidige skader, for natur og samfunn. Me skal vise fram dei berekraftige løysingane i klima- og miljøspørsmål, både i politikken og i kvardagen, og vise at dei viktigaste tiltaka inneber å senke og endre forbruket.

Hovudmål 4: Sterk organisasjon over heile landet

Foto: Sveinung Skjovng-Arnestad



Naturvernforbundet sin største ressurs er våre tillitsvalde og aktive medlemmar. Naturvernforbundet skal vere ei demokratisk folkerørsle for natur som set dagsorden for politiske organ, samfunns-, arbeids- og næringsliv lokalt og nasjonalt. Lokallaga er spydspissar for miljøpolitisk arbeid og lokal mobilisering og bidreg til medlemsrekruttering over heile landet. Naturvern-

forbundet skal ha lokallag som dekkjer alle kommunar der me har medlemmar. Fylkeslaga skal vere den organisatoriske ryggraden i forbundet, som følgjer opp og startar nye lokallag, i tillegg til å drive eige politisk arbeid. Naturvernforbundet skal vere eit sosialt fellesskap som det gir glede og verdi å engasjere seg i.

Me har fire delmål for perioden:

4.1 Fleire medlemmar skal få tilbod om å vere aktive

Naturvernforbundet skal legge til rette for fysiske møteplassar for alle organisa-

sjonen sine medlemmar, i tillegg til anna medlemsretta tilbod. Organisasjonen sine

medlemmar skal få jamnleg informasjon om kva som skjer i deira lokallag

og fylkeslag.

4.2 Sterkare representasjon og inkludering i styrande organ

Naturvernforbundet skal arbeide for at tillitsvalde i styrande organ reflekterer mangfaldet blant organisasjonens medlemmar. Alle nye tillitsvalde skal oppleve å bli inkludert og føle seg velkomen i Naturvernforbundet. Alle tillits-

valde skal få tilstrekkeleg oppfølging og opplæring frå fylkeslag og sekretariat. Samarbeidet mellom Naturvernforbundet, Natur og Ungdom og Miljøagentene skal styrkast.

4.3 Sterke lokallag som vinn kampsakene sine

Naturvernforbundet skal sikre høgt fagleg kompetansenivå som heile organisasjonen kan få nytte av. Lokallaga skal vere det primære kontaktpunktet for medlemmane, og må ha ressursar og kompetanse. Det er eit mål å ha lokallag i/for alle kommunar der me har medlemmar. Det skal arrangerast kurs og arrangement for fagleg påfyll og erfaringsutveksling for medlemmar og

lokale tillitsvalde. Faglege nettverk for tillitsvalte skal styrkast, og organisasjonen nyttar dei faglege nasjonale utvala godt i fagutviklinga. Lokallaga skal vere sosiale og trivelige samlingspunkt for alle medlemmar. Naturvernforbundet sitt sekretariat bidreg med tips og råd til lokal- og fylkeslag, og kan i særskilt store enkeltsaker yte ekstra hjelp.

4.4 Sterke fylkeslag som følgjer opp lokallaga

Naturvernforbundet skal sikre at alle fylkeslag har kapasitet og ressursar til å følgje opp og starte nye lokallag. Tillitsvalgte i fylkeslag skal ha dei riktige verktya til å gjere arbeidet sitt. Me har som mål at alle fylkeslag skal ha minst ein fast tilsett. Driftstilskotsordninga for

fylkeslag skal vidareførast, og fylkeslaga skal få støtte i å styrke eigen økonomi. Alle fylkestilsette skal ha gode, inkluderande arbeidsmiljø, med like arbeidsvilkår på tvers av fylkeslaga, og det skal vere treffpunkt mellom desse og resten av sekretariatet.



**Naturvern-
forbundet**